

DRIFTIGE MIDT-TELEMARK



GODT SAMARBEID: Det som starta som eit venskap mellom Håkon Groven og Eivind Skoe Karlsen på barneskulen har blitt til ei suksessbedrift i Midt-Telemark.

FOTO: Øystein Akselberg

Kompisar gjekk frå g

Håkon og Eivind er Groven og Karlsen AS. Med seg på laget har dei elleve fast tilsette og ein stor maskinpark.

Øystein Akselberg

oystein@boblard.no - tlf. 906 38 453

Basen har dei på ein stor raud lave på Vreimsida. Det som starta som eit venskap på barneskulen har blitt til ei suksessbedrift i Midt-Telemark.

Venskapet mellom Håkon Groven (44) og Eivind Skoe Karlsen (44) utvikla seg vidare på ungdomsskulen, og som 23-åringar byrja dei å snakke om å starte bedrift saman.

I dag omset bedrifta deira for rundt 40 millionar kroner, har elleve fast tilsette og fleire innleide medarbeidrar.

I tillegg har dei ein heil haug traktorar, lastebilar og anleggsmaskiner på basen sin på garden Sønstebo på Vreimsida.

Starta med gris

I 2005 etablerte dei Groven og Karlsen AS. Dermed kan dei feire 20-årsjubileum i år.

– Det måtte bli Groven først i namnet. Han er fødd tre veker før meg, seier Eivind med eit smil.

Bedrifta er organisert med Håkon som dagleg leiar og Eivind som styreleiar. Fordelinga internt er slik at Håkon tek seg av lastebilane, mens Eivind har hovudansvar for det som skjer med gravemaskinane.

Tilbake i 2005 var det likevel slaktegris dei først satsa på då dei starta bedrift saman. Eivind kjem fra gard og hadde dyr og landbruk med seg i ballasten sin.

Dei dreiv produksjon av slaktegris saman frå 2005 til 2018.

– Det blei 13 år med slaktegris. Me hadde andre faste jobbar begge to den først tida, og det blei overlapping med jobb innan transport og maskin, seier Håkon, som også har tolv år bak seg i jobb på bensinstasjonen Statoil.

Håkon køyrd lastebil for ei bedrift på Hørte, medan Eivind jobba i Hellestad sandtak. Han hadde sin første brøytejobb for kommunen i 1999. Groven og Karlsen fekk sin første brøytekontrakt i kommunen i 2006. Den første lastebilen kom til i 2010.

Jamt og trutt oppover

– Me har bygd opp bedrifta vår jamt og trutt, og har ikkje teke mål av oss å bli kjempestore, seier dei.



STORE PÅ GRAVING OG BRØYTING: Eivind Skoe Karlsen (t.v.) og Håkon Groven er karane bak Groven og Karlsen AS.

Bil- og maskinparken i den store laven på Vreimsida husar både kontor, personalrom, garasjer og lager. Låven er på 900 kvadratmeter og stod ferdig i 2023-24. No har dei fire lastebilar, fire traktorar, fem gravemaskiner, tre hjullastarar, fleire arbeidsbilar og mykje brøyteutstyr.

Det er Håkon som står som eigar av garden og låven, dermed leiger fellesbedrifta lokal a han.

Graving er størst

Groven og Karlsen har forskjellige graveoppdrag som sin største geskeft. Karane har rammeavtale med kommunen, samt graving for straumselskapet Føre, Mesta, Telemark byggentreprenør, i tillegg til private, bedrifter og bønder.

Snøbrøyting og strøing er også viktig, særleg som syselsetting på vinterstid. Dei

har fire store roder for kommunen og tre roder for Mesta, samt mange private, butikkar, leilegheiter, burettslag og private tun. Dei er klart den største aktøren innan brøyting i Midt-Telemark.

I tillegg kjem ei rekke transportoppdrag av massar, sand og betong, både i samband med gravejobbane og anna. Dei har til dømes mykje køyring for Hellestad sandtak.

– Me held oss hovudsakleg innan Midt-Telemark kommune. Utviklinga og aktiviteten i denne regionen har heile tida vore stor med mange og store utbyggingsprosjekter, seier dei.

Begge to har anane sine frå andre stader enn Midt-Telemark. Håkon har far frå Åmotsdal og mor frå Voss, medan Eivind sine foreldre kom til Bø frå Fredrikstad då far blei fjosmeister på Borgja gard.

– Me vil vel helst jobbe ute beg-

ge to, men det er blitt berre meir og meir kontorarbeid, med godkjenninger og dokumentasjon av alle typar. Derfor er det også krav til kompetansen me sit på, seier Eivind, som er på veg til å etterutdanne seg til anleggsingeniør.

Opnar for lærlingar

Dei to kompiskollegaene er nøgd med storleiken på bedrifta si slik den er no.

– Me har god oppdragsmengde. Det viktigaste for oss er likevel dei tilsette. Dei er arbeidsvillige og flinke, og er bedrifta sitt ansikt utad, seier dei.

Medarbeidarane er i aldersspennet 19 til 58 år, men dei fleste er mellom 20 og 30 år.

– Me har for tida ein lærling, og har også jamt og trutt fleire utplasseringselever frå ungdomsskulen og vidaregåande skule innom, seier Eivind og Håkon. Dei ser det som eit ansvar som

aktørar innan entreprenørverket semda.

Pølselunsj

I samband med at lokalavisa skulle kome på besøk til bedrifta lokka Håkon og Eivind dei tilsette inn til basen med lovnad om pølselunsj. Det i god balanse med cola som drikke, men også med fin salat til. Det såg absolutt til å falle i smak blant dei tilsette.

Fleire av dei har vore med på laget i rundt ni år, det vil seie heilt frå starten til maskinbedriften.

– Her er det ikkje mange som sluttar. Det er ein god og triveleg arbeidsplass. At folk blir verande i jobben, må vere eit godt teikn, seier karane rundt lunsjbordet på spørsmål om kva dei tenkjer om arbeidsplassen sin.

– Dei stiller tidleg på jobb kvar einaste morgen. Det er ein god start, og me må nesten tvinge dei heim på slutten av dagen, seier Eivind og ler.

gris til grus



FOTO: Øystein Akselberg



NY STOR GARASJE: Nokre av folka i Groven og Karlsen samla på tunet.



TJENESTER

Starte bedrift

Trenger du hjelp til å starte bedrift?

Vi tilbyr gratis hjelp gjennom StartOpp tilbuddet vårt. Her kan du få hjelp av en gründerveileder som hjelper deg gjennom prosessen med å komme i gang.

Videreutvikle bedrift

Har du lyst å utforske nye forretningsmuligheter eller forbedre eksisterende tilbud? Vi kan jobbe sammen med dere på mange fagområder, og gjennom en målbedriftsavtale betaler bedriften bare en liten egenandel for oppdraget.

For mer informasjon om våre tjenester, se mtnu.no

ARRANGEMENT

25. FEBRUAR:

SMARTstart kurs, Ulefoss

27. FEBRUAR:

Lanseringsfest BygdeLab, Ulefoss

14. MARS:

Karrieredagen, USN i Bø

25. MARS:

SMARTstart kurs, Bø

For mer informasjon og påmelding, se mtnu.no



Midt-Telemark og Nome Utvikling

mtnu.no



TA KONTAKT FOR GRATIS TAKSJEKK

Norge er et land med variert vær gjennom årstidene. Regn, snø og vind, samt store svingninger i temperatur.

For å sikre et tett tak som effektivt beskytter huset, er det viktig å fokusere på både materialvalg og korrekt installasjon.

Vi tar befaring av taket og gir deg våre anbefalinger for vedlikehold av ditt tak.

Sammen med Skarpnes holder vi norske tak tette!

Kontakt oss i dag for gratis taksjekk



MIDT-TELEMARK
BYGG AS



Sandavegen 20, 3802 Bø • tlf. 95 16 30 18 • mtbygg.no



LIFJELL HYTTEGREND: No er det full fart med ymse grunnarbeid i hyttefeltet som gjekk med i Lende-konkursen i fjor.

FOTO: Øystein Akselberg

Får fart på feltet

Utbygginga av Lifjell hyttegrend ved Østerlikollen på Lifjell gjekk på ein smell i fjor då hytteaktøren Lende gjekk konkurs. No har eit lokalt entreprenørfirma teke over styringa og kjøpt opp store deler av hyttefeltet.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tlf. 906 38 453

Hyttefirmaet Lende AS frå Rollag gjekk konkurs med ein smell i april fjor. Det ramma hyttefeltet Lifjell hyttegrend som selskapet var i gang med å bygge ut.

Lende AS kjøpte i 2021 opp det store hytteområdet på Lifjell og døpte det Lifjell hyttegrend. Seljar av eigedomen var Trygve Bjarkø. Hyttefeltet omfattar eit område ved Østerlikollen, vider oppover i Håråldskar fram til Torillstul. Det er planlagt å bygje heile 99 hytter i feltet.

Aktøren Gausdal landhandle-ri har kjøpt seg inn i feltet og eig 21 av tomtene.

Kjøpte heile feltet

Etter konkursen og utover heile året har det vore stille på fel- tet. Utbygginga av infrastruktur stoppa heilt opp, det vil seie tiltak som veg, vatn, avlaup, straum og fiber. Det har likevel

vore aktivitet ved enkelte av hytene på feltet, der eigarane har engasjert aktørar til å jobbe med å ferdigstille hyttene sine.

Det neste som skjedde var at aksjeselskapet Lifjell hyttegrend AS blei formelt registrert 5. november. Som styreleiar i det ny-stifta hytteselskapet finn ein Tor Håkon Kaasa frå det lokale entreprenørfirmaet Kaasa Maskin.

Med seg både i styret og som aksjonærar har han Jonny Holm, tidlegare dagleg leiar i hytteselskapet Lende AS og som starta opp hyttefeltet og gjekk konkurs, samt Roger Andersen frå Kongsberg, som er dagleg leiar i selskapet Veittransport AS og AS Møbelfrakt.

Neste kapittel skjedde så like opp under jul, den 19. desember. Da blei eigedomane Høgefjellvegen 100, Høgefjellvegen 102, Høgefjellvegen 104,

Håråldskarvegen 5, Østerlikollen 69 og eigedomen gnr 10, bnr 354, solde for 4,4 millionar kroner frå konkursboet Lende AS til nye Lifjell Hyttegrend AS.

– Eg stadfestar at eigedomen blei overdrege selskapet vår i desember. Total kostnad er 6,5 millionar kroner alle kostnadene medrekna, seier Tor Håkon Kaasa til Bø blad.

Det som ikkje blir omfatta av kjøpet er Gausdal landhanleri sine 21 tomter og dei tolv tomtene der det er sett i gang bygging på.

Skal ferdigstille

Kaasa seier at no er Kaasa Maskin i full gang med å ferdigstille første byggjetrinn i feltet når det gjeld infrastruktur, som også omfattar Gausdal landhanleri sine tomter og dei tomtene som det er starta bygging på.

– Infrastrukturen blir ei betydeleg investering for oss og som er berekna til rundt 25 millionar kroner, seier Kaasa, som legg til at dei i første omgang jobbar med første byggjetrinn og at ein seinare skal arbeide seg vidare i retning skisenteret.

Delen som no blir bygd ut kostar rundt seks millionar kroner og skal gjerast ferdig innan august.

– Me har ein positiv dialog med dei tolv hyttebyggjarane, som er glade for at det no blir orden på infrastrukturen, seier Kaasa.

Som styreleiar har han den daglege drifta og det praktiske gjennom at Kaasa Maskin utfører oppdraget og at han har den daglege kontakten med dei ulike partane.

– Me legg til grunn at dette prosjektet skal vere styrt lokalt og ser at prosjektet passar bra for Kaasa Maskin, seier han vidare.

Han viser til at det er full fart på feltet og at Kaasa Maskin har tre-fire maskiner og folk på feltet.

– Det er gode forhold for arbeidet no med lite snø i terrenget der oppe, seier Kaasa.

Ein viktig del av arbeidet no er å kople på både kommunalt vatn og avlaup. Kommunen har leidningsnett som går forbi hyttefeltet. Det er ein communal pumpestasjon for vatn like ved feltet, medan når det gjeld avlaup er dei ansvarleg for å bygge ein kloakkpumpestasjon for å pumpe avløpet frå hyttefeltet med påkopling på communal leidning nedstrøms feltet.

Elles skal både vegar bygjast og pussast opp, og det skal ordnast med både straum og fiber.

– Det er gode forhold for arbeidet no med lite snø i terrenget der oppe, seier Kaasa.



ØSTERLIKOLLEN: Deler av hytteområdet i retning Østerlikollen. Her er fleire hytter som det no blir jobba med å gjere ferdig.

IdeHus

Vi forhandler **IdeHus**

Ta gjerne en tur innom på vår hjemmeside [tbeas.no](#) eller på [idehus.no](#) der du finner et rikholdig utvalg av boliger, hytter eller garasjer.

Du kan også kontakte Kristian Eika på 45213 811 eller på kristian@tbeas.no

TBE

Telemark ByggEntreprenør AS

Din lokale
byggentreprenør

Telemark ByggEntreprenør AS er entreprenør-
og boligleverandør med kontoradresse
Torshølvegen 8, 3810 Gvarv.

Vi har i dag 35 fast ansatte og har vårt
nedslagsfelt i hele Telemark.



PÅ TRE STADER: Lokalbanksjef Halvard Ajer Thomassen har ansvar for tre bankar i regionen.

FOTO: Øystein Akselberg

Er sjef i tre bankar

Lokalbanksjefen pendlar mellom bankane han sjefar i, men det er på Nordagutu han har hovudbasen.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tlf. 906 38 453

Halvard Ajer Thomassen flytta frå Vinje til Bø som 16-åring. I 2009 flytte han vidare til Sauherad, og han bur fortsatt i Midt-Telemark. Frå Nordagutu pendlar Ajer Thomassen til dei tre bankavdelingane han er leiar for på Notodden, Ulefoss og i Bø.

– Eg har jobba i bank sidan 2007. Det starta i Holla og Lunde Sparebank, der eg jobba på Gvarv-kontoret fram til 2012. Sidan blei det Sparebank 1, seier Ajer Thomassen.

Har blitt større

Sparebank 1 Sør-Norge, avdeling Bø, som den nå heiter, er eit av 54 kontor i bankkjeda som no er landets største sparebank. Banken er eit resultat av fusjonen 1. oktober i fjor mellom Sparebank 1 SR-Bank og Sparebank 1 Sørøst-Norge, og har

tenester innan bank, rekneskap og eigedomsmekling.

– Sparebank 1 blei stifta i 1996. I Bø starta historia med etablering av Sparebank 1 Telemark i Stasjonsvegen i 2007. I 2018 flytta banken til dagens kontoravdeling i Bøgata, opplyser lokalbanksjefen i Bø sentrum.

Han fortel at avdelinga i Bøgata har fem tilsette på privatmarknaden, to på bedriftsmarknad, to på landbruk og to eigedomsmeklarar.

– Fusjonen mellom bankane, som blei sluttført i fjor, er både spennande og krevjande. Med gode partnarar på laget er det klart at me kjem styrka ut som ein ny og større sparebank, seier Ajer Thomassen.

Viktig bygdesenter

Ei vanleg arbeidsveke for dei

tilsette i lokalbanken handlar om lånene- og finansieringsførespurader, drift av daglegbank og sparing i fond og andre pengeplasseringar.

– Bankar har i dag mange produkt innan finansiering, og i løpet av dei siste 10-20 åra har det vore ei rivande teknisk utvikling. Løysingar som vipps og tæpping er no mykje i bruk. Me opplever også at folk er flinke og interesserte i sparing i fond, seier Ajer Thomassen.

Han har også tankar om banksituasjonen i Midt-Telemark.

– Det er klart det er spesielt at ein stad som Bø har fire bankar. Det viser kor viktig dette bygdesenteret er i regionen. Bankane ser det som svært viktig å vere til stades her, seier han.

Sparebank 1 Sør-Norge har vanlege opningstider tre dagar i veka, medan dei to andre kvardagane har dei ope for avtaler og møte for kundar når det krevst litt meir tid å handtere.

God bustadmarknad

Som bank følgjer dei utviklinga i bustadmarknaden tett.

– Det er ein god og velfungerande bustadmarknad her i Midt-Telemark. Det har vore litt stille ei stund, men no kan det synast som om det igjen er positiv utvikling. Det er sjølv sagt både interessant og moro for banken vår å vere med når det skjer utvikling og nyskapning på dette feltet, seier Ajer Thomassen.

Han peikar på at for å få til ei utvikling i regionen treng ein utbygging og nye bustadtomter.

– At ei kjede som McDonalds ønsker seg til Bø viser med all tydelegheit at det er utvikling og potensiale for vekst i området, seier lokalbanksjefen.

Miljøfyrtårn

Sparebank 1 Sør-Norge si avdeling fekk nyleg beviset på at dei har blitt sertifisert som Miljøfyrtårn-bedrift. Lokalbanksjef Halvard Ajer Thomassen tok da imot diplom og hyggelig anerkjenning frå ordførar Siri Blichfeldt Dyrland saman med dei tilsette Astrid Myhre, Helene Botne og Tor Erik Inn-

leggen. Lokalbanksjefen forsikrar at i tillegg til å ta riktige miløval er miljøfyrtårnstatus et hjelpemiddel og verktøy for å ta riktige avgjerder til beste for både bank, kunde og miljøet.

FAKTA

Tilsette i SpareBank 1 Sør-Norge, avdeling Bø

- Privatmarknad: Thor Erik Innleggen, Astrid Øverland Myhre, Helene Bringsvær Botne, Anne Myhre, Amalie Moen

- Bedrift og landbruk: Halvor Aarnes, Anita Storhaug, Vigdis Norendal, Jeanette Haatveit Folserås

- Eiendomsmegler 1: Are Olsen, Halvor Østerli, Lokalbanksjef Notodden, Bø og Nome: Halvard Ajer Thomassen



**Jobben
min og
banken
min**

Det er viktig å velge riktig

Valgene vi tar er med på
å skape gode hverdager



**Sparebanken DIN
Telemark**

Anne har blitt bonde

Det har lege i korta ei stund, men frå 1. januar er det Anne som er bonden på heimgarden i Øvre Bø.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no - tlf. 976 88 692

– Eg har alltid landa på at det er det eg vil, seier Anne Aase-Mæland.

1. januar tok ho over heimgarden Tveitan i Øvre Bø.

– Det har vore planlagt ei stund, det har lege i korta, forklarar ho.

Ho er eldst i søskenklokkja, men har ein bror, som er yngre og dermed har därlegare odel og ei veslesyster. Far hennar er ikkje eldst, men då han tok over var det guten som hadde odel uansett.

Fra 1965 har den eldste barnet hatt odel på garden, det vil seie førsteretten. Men framleis er det flest menn som tek over gardsbruk. Me har henta ut nokre tal frå SSB og for dei åra me har teke ut er det framleis berre mellom 35 og 41 prosent kvinner som tek over gardar. Andelen har ikkje auka sidan 2006, som er dei eldste tala ein finn i tabellen. Dei har heller kanskje gått litt ned.

Gjennomsnittsalderen på dei som tek over er også rundt 50 år, også der avvik Anne frå snittet.

Ikkje aktuelt med dyr

– Me har gått nokre rundar og prata om det. Skal me ha dyr eller ikkje, og skal me bygge ut, fortel Aase-Mæland.

Far hennar slutta med dyr for rundt 15 år sidan. Her er konklusjonen klar: Å starte med dyr er ikkje aktuelt.

– Eg er vaksen opp med det. Det lengste me kunne reise vekk på ferie var slik at me kom heim att på ein dag. Du blir ekstremt bunden og har aldri fri, seier Anne.

No er det berre kornproduksjon på garden. Tidlegare, medan dei hadde dyr, dyrka dei også gras.

– *Til våren er det du som skal ploye og så?*

– Jaaa, seier Aase-Mæland, og dreg litt på det.

– Eg reknar med å få litt hjelp av sambuaren og pappa seier ho og ler.

Både ho og sambuaren Nikolai Engebretsen har full jobb utanfor garden. Far Håkon er aktiv kårkall. Han stilte berre eitt krav for å pensjonere seg, og det var å få halde fram med vedproduksjon.

Økonom med handelshøgskule
Anne har studert økonomi, men



PLANEN: Det er i alle fall planen å køyre traktor, sjølv for Anne Aase-Mæland.

det har ho gjort ved Handelshøgskolen ved NMBU på Ås, i tillegg til ved USN i Bø.

På Ås fekk ho også med seg eit par landbruksfag, sjølv om ho ikkje måtte. Det trur ho har gjort at ho har fått utfordra synet sitt på ting.

– Det er ikkje til å kome bort frå at folk som har studert økonomi er utruleg like. Det tykkjer eg er litt kjedeleig, seier Anne.

Ho tykkjer også ho hadde mykje att for å ta nokre landbruksfag og skrive oppgåve i landbruksrelaterte emne saman med nokre som studerte landbruk.

Det høyrer kanskje med til historia at ho har skrive masteroppgåve om medlemsutviklinga i Noregs Bondelag. Då kunne ho også sparre med faren som har vore aktiv i laget lokalt.

Leiger inn naboar

Garden Anne har overtatt består av 157 mål innmark eller dyrka jord, og 425 mål produktiv skog. Faren slutta med mjølk i 2009, men hadde fôringssdyr, det vil seie dyr til slakt, til 2011.

Dei gjer det dei har maskiner til sjølv, men sprøyting og tresking leiger dei inn andre til å gjere.

– Det er meir enn ein nabo med utstyr, smiler Anne.

Ein del av reiskapen er veldig dyr og det å leigekøyre ser Anne på som ein måte dei som kjøper kan finansiere kjøpet på.

– *Du sit på traktoren sjølv?*

– Der er i alle fall planen, seier ho, og innrømmer at ho ikkje har vore så flink til å delta før.

– Eg må vel til pers, legg ho til.

Sambuaren er frå Oslo og er landmålar i anleggsbransjen. Han likar å jobbe med traktor.

– Han kosar seg på traktoren, fortel Anne.

Most interessert i skogen

Det er skogen som interesserer Anne mest.

Litt av skogen er verna. Både pålagt og frivillig.

– Bestefar sette av eit område for at naturen skulle få gå sin gang, fortel Anne.

Ho fortel at området bestefaren verna på eige initiativ ser ein rett på om ein sit på trappa til den gamle husmannsplassen Busil. Plassen høyrer til garden.

– Den skogen har ikkje vore rørd på mange mange år, fortel ho.

– *Har du tenkt deg til skogs med traktor, vinsj og motorsag?*

– Ja, det har eg, smiler ho.

Så langt har ho vore mest med på planting. No har dei eit ganske stort plantefelt som må stellast.

– Eg har i alle fall ambisjonar om å drive med ungskogpleie sjølv, så får me sjå om tida strekk til, seier den nyslattede skogeigaren.

Ho kan også godt tenke seg å ta ut litt tømmer sjølv, om det let seg gjere.

Fascinert

Anne likar at ein berre kan reise i skogen og hogge sin eigen ved.

– Eg er litt fascinert av det om spirer og gror og det å sjå korleis det utviklar seg, seier Anne, som jobbar på Sagaplant i Sauherad.

Der produserer dei sjukdomsfrie plantar blant anna til bær- og fruktproduksjon.

Anne tykkjer det er meir variasjon i det som skjer i skogen enn i kornåkeren.

Det er ein del skog som nærmar seg å bli hogstmogen og det å lage ein skogbruksplan står på

i Øvre Bø



FOTO: Marta Kjøllesdal

lista over det den nye bonden må gjøre. Det nærmar seg også våren og såing og gjødsling skal også planleggast.

– Eg er så smått i gang. Eg har handla såkorn med kyndig hjelp frå pappa, seier ho.

Det er greitt at faren ikkje har flytta lenger enn til nabohuset.

Vil gjerne prøve nye vekstar

Dei siste åra har det vorte dyrka havre på garden.

– Så får me sjå etter kvart når me får litt erfaring og lært meir om landbruk, seier Nikolai.

Han har lyst til å prøve andre vekstar også.

Våronna håper Nikolai at dei er ferdig med til 17. mai. Det var ikkje pløgd i haust og Anne ser for seg at det blir nokre rundar med traktor på jordet.

På Sagaplast er det slik at når det er mest hektisk må alle trå til, også dei i administrasjonen der Anne jobbar. Då må ho stikke kvister som blir til nye plantar

og potte om og gjere anna førefallande.

– Du kan svare betre på spørsmål du får på telefon når du har hatt det i hendene, seier ho, og er fornøgd med den ordninga.

Treng både kvinner og menn

– Eg ser ikkje nokon grunn til at ein ikkje skal overta garden, seier Anne.


Ho trur kvinner tenkjer litt annleis enn menn. Det er bra å ha både kvinner og menn i næringa.

– Eg ser på jobb at damer og menn tenkjer ulikt og løyser ting på ulik måte, seier ho, og understrekar at det også har med personlegheit å gjøre.

Men det er fornuftig også å ha damer i landbruksav slike grunnar, meiner ho.

– No har ein også mange hjelpemiddel, det er ikkje nødvendigvis dei tunge lofta, påpeikar ho, og meiner det gjer det enklare.

Slik situasjonen er for landbruksav dei to nyslattede bøndene i Øvre Bø likevel einige om at det er greitt at dei ikkje skal leve av garden.



TELEMARK BEGRAVELSESBYRÅ
NORHEIMS EFT. AS
JARL OLAV RUGTVEIT

Bø-Sauherad-Nome

Siden 1972

Døgnvakt

35 95 52 80/41 60 38 40
post@telemark-begravelsesbyraa.no

Gravsteinsverksted

For ny gravstein, gravering,
rens eller restaurering.



*Vi ønsker å være nyttige medmennesker
i en vanskelig tid*

“Sorger og gleder vandrer sammen.

Avg og til skulle jeg ønske at de skulle lag, slik at jeg kunne følge den ene.

Jeg ville valgt gleden”



**Tipp transport • Betong pumping
Sement transport • Element transport
Kranbil**

**Vi leverer alt innen hydraulikkoblinger
og presser slanger**

**CATO REKANES
TRANSPORT**

Tlf. 977 00 000 • E-post: crekanes@online.no



SELSKAP I VEKST: Leveransesjef Einar Uvsløkk og kommunikasjonsleiar Camilla Moen ved kontoret på Grivimoen.

Fjernstyrer 140 butikkene

Frå eit kontrollrom på Grivimoen i Midt-Telemark blir 140 nærbutikkar i heile landet fjernstyrt.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tlf. 906 38 453

Det starta som ein idé klekt ut av ein familie med etternamn Bakås i Bø. Frå 2014, da tanken om å etablere ein sjølvbetjent matbutikk på Hegna camping tok form, har idéen utvikla seg til å bli ein nasjonal teknologisuksess.

Auke på 40 prosent

Hegna landhandel blei Noregs første sjølvbetjente landhandel i 2018, og etter den første etableringa har idéen spreidd seg til heile Noreg. Nå kontrollerer eit selskap med 22 tilsette det heile

frå Grivimoen i Bø.

Dagleg leiar Hans Olav Bakås fortel at det var da familiene i 2020 etablerte selskapet Mat Norge at ballen for alvor byrja å rulle.

– I dag heiter selskapet vårt Liberty Now. I fjar hadde me ein auke i omsettinga på fantastiske 40 prosent, og landar truleg på ei totalomsetting på rundt 52 millionar kroner, opplyser han.

Selskapet blir administrert og drive frå kontorbasen i Televagen 5 på Grivimoen i Bø, der 15 tilsette har arbeidsplassen sin i

dag. Dei tilsette jobbar i eit kontraffleskap saman med Fellesjenester og Eiendomsdrift, også det selskap i regi av Bakås-familien.

På gjæv liste

Liberty Now blei etablert som selskapsnamn hausten 2023. Hans Olav Bakås er dagleg leiar og også styrets leiar. Eigarsida består av Hans Olav Bakås med familie, Terje Bakken, Hegna Camping DA og enkelte av dei tilsette.

Bø blad møter leveransesjef Einar Uvsløkk og kommunikasjonsleiar Camilla Moen, samt dagleg leiar Hans Olav Bakås.

På hovudkontoret sit leininga, økonomi- og administrasjonsavdelinga, systemutviklarar, marknadsførarar og produktutviklarar. For tida har

dei også tre USN-studentar på internship og to lærlingar fra vidaregående skule. Dei tilsette har variert kompetanse, der IT og teknologiutvikling er ein sentral del.

Liberty Now er i hovudsak eit teknologiselskap som leverer tenester og teknisk utstyr, av typen hardware, til anlegg, styring og overvaking av drifta i dei fjernbetjente butikkane.

– I fjar blei me kåra av Deloitte Norge til å vere blant landets 50 raskast veksande teknologiselskap. Me fekk ein 19. plass, og det er jo stas, seier Camilla Moen.

Fjernbetjente butikkene

Frå kontora i Bø blir det jobba med vidareutvikling av teknologien, installering, overvaking og drift av dei tekniske løysin-

gane for sjølv- og fjernbetjening i 140 matbutikkar spreidd over absolutt heile landet. Ein miljøstasjon er også med i portefølja.

– Den nye teknologien bidreg til å oppretthalde dagleg drift av mange butikkar, spesielt i distrikts-Noreg, seier Einar Uvsløkk, og legg til at butikkar på små stader ofte har fleire viktige funksjonar enn berre å vere ein butikk. Ofte er det også knytt kafé og viktige møteplassar for lokalbefolkinga til butikkane.

Overvakar alle butikkane

Liberty Now er også knytt til Merkur-programmet, som er eit kompetanse- og utviklingsprogram for nærbutikkar i Distrikts-Noreg. Målet er å sikre innbyggjarane tilgang til ein nærliggande daglegvarebutikk



Foto: Øystein Akselberg



LANSERING: Tilsette i Liberty Now og Epta (leverer kjøleloysingar for daglegvare) under lanseringa av nye automatar. F.v. Puspa Gurung, Dinesh Shrestha, Einar Uvsløkk, Stina Robberstad-Danielsen, Hans Olav Bakås, Ole Christian Bakås, Jonny Aamot, Runar Skuggen, Alessandro Ruggeri, Luca Valeri, Roger Bjune, Terje Bakken, og Camilla Moen.

Foto: Liberty Now



OPERASJONSROMMET: Her kan selskapet overvake og styre alle dei 140 fjernbetjente butikkane. Foto: Liberty Now



USN-STUDENTAR: Kjetil Espedalen frå Skien, Wael Alkhathib frå Kongsvinger og Lars Grini frå Heddal er tredjeårsstudentar ved USN og er internship i Liberty Now.

Foto: Øystein Akselberg

tikkar landet rundt

med god kvalitet og mange tilleggstenester.

– Namnet til selskapet vårt peikar tilbake på det å gje meir fridom i kvardagen til landets kjøpmenn. Systema våre gjer at dei kan drive butikken sin i kontrollerte former og gje kjøpmann og tilsette høve til å ha normal arbeidstid og nødvending fritid, seier Bakås.

Liberty Now sørger for oppfølging, service og kvalitetssikring av anlegga i butikkane.

På Grivimoen driftar selskapet eit døgnkontinuerleg operasjonsrom som overvakar alle dei 140 butikkane. Oppfølginga omfattar også direkte kommunikasjon med både kundane og betjeningen i butikkane.

– Det betyr at det på skift alltid sit ein person og følgjer med i butikkane via kamera og lyt-

tesystem. Me ser kva som rører seg i alle butikkane, kvar time gjennom døgnet og kvar einaste dag gjennom året, forklarar Bakås.

– Sjølv om det me driv med er høgteknologi, er det viktig at utstyret skal vere enkelt å bruke, utan at brukarane, som er kundar og tilsette i butikkane, skal ha høg kompetanse på data, seier Moen.

To butikkar i Midt-Telemark

I nærområdet i Midt-Telemark er Hegna landhandel og Joker Nordagutu kundar av Liberty Now. Desse butikkane har løy singar for sjølv- og fjernbetje ning, og liknande butikkar finn ein også i Åmotsdal, Seljord og Hjartdal.

Dei 140 butikkane er hovudsakleg småbutikkar i dis-

trikta, men også fleire større butikkar kjem etter. I april i fjor kom Spar-butikken i Attrå med som kunde, og seinare Spar Eggedal med seks sjølvbetjeningskasser.

Fjernbetjeningsa omfattar også sal av varer som har aldersgrense. Dette skjer gjennom kontroll via kamera og med tovegs dialog gjennom tale. På dette feltet finn ein utvikla teknologi og utstyr som eigne skap for aldersbestemte varer, kjøleskap med magnetlås for drikkevarer med alkohol, samt såkalla vendingmaskiner, som er automatar for enkelte varer.

Viktig for beredskapen

Ein viktig effekt av å oppretthalde butikkar i distrikta er at mange eldre kan bu lenger heime som følgje av å ha ein open nærbutikk. Det har store sosiale og

også økonomiske effektar for eit distriktssamfunn, ifølgje Bakås.

Under uværet Hans oppstod det til dømes ein situasjon i tettstaden Ål i Hallingdal som har fått eit etterspel som også landets myndigheter har lagt merke til. Det viste seg at den fjernbetjente butikken i Ål klar te å oppretthalde drifta som følgje av å ha eit eige nettverk som fungerte då andre nettverk gjekk ned.

Det gjorde at butikken kunne halde ope, og den blei eit viktig element i beredskapen lokalt. Dette har ført til at ordninga med sjølvbetjente butikkar fekk plass i regjeringsa si beredskapsmelding som nyleg blei offentleggjort. I Stortingsmelding nummer 9, Totalberedskapsmeldingen, viser Justis- og beredskapsdepartementet til situasjonen i Ål og

trekkjer fram den viktige rolla som daglegvarebutikkane utgjer i beredskapsamanheng.

Liberty Now har saman med det statelege Merkur-programmet, Snarkjøp, Joker, Nærbutikken og SPAR digitalisert over hundre matbutikkar over heile landet. Butikkane som har teke i bruk den nye teknologien fungerer derfor nå som eit sikkerheitsnett på mange område.

– Nokon vil tru at sjølv- og fjernbetjente butikkar vil ta bort arbeidsplassar for folk, men me ser at teknologien vår er med på å bevare butikkane. Systemet gjev kjøpmenn og tilsette nye moglegheiter til å bevare arbeidsplassar og sørger for å halde ope butikkar i distrikta. Det gjer det i mange høve mogleg å fortsatt bu på mindre stader, seier Bakås.

Fekk suksess på førs

Eitutseldglowparty på Sandvin ungdomshus var starten på ei ungdomsbedrift som lagar rusfrie temafestar for ungdom.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tlf. 906 38 453

Seks elevar som går på andre trinn ved Bø vidaregåande skule har danna ungdomsbedrifta «Clubben UB» som del av valfaget entreprenørskap og bedriftsutvikling. I faget lærer dei å etablere og drifte si eiga bedrift, med alt det medfører.

Bedrifta er organisert som alle andre, med dagleg leiar og ansvarlege personar for ulike oppgåver.

Rusfrie temafestar

Dei seks elevane er Stine Hvitås, dagleg leiar, Åsne Kaasa, personalansvarleg, Mathea Wraa og Lucas Flø Jensen, begge på marknadsføring, Ida Dammen og Sigrid Kittelsaa, begge på økonomi.

Gjengen har god geografisk spreting i Midt-Telemark og regionen rundt. Åsne og Lucas kjem frå Bø, Stine er frå Nordagutu, Ida frå Gvarv, Mathea frå Drangedal og Sigrid frå Seljord.

Alle jentene er 17 år, medan einaste mannen i gjengen er blitt 18 år.

– Bedrifta vår skal arrangere rusfrie temafestar for ungdom som går i 8. til 10. klasse på ungdomsskulen. Dette er noko me sjølv sakna då me var i den alderen, og me ser at det skjer veldig lite gøy for ungdom, seier gjengen som står bak «Clubben UB».

Dei har som mål at klubben deira skal minske utanforskap, sosialisere ungdom og vere noko anna enn ein vanleg ungdomsklubb.

– Me ønskjer å nå ut til ungdom i heile kommunen og regionen rundt også. Me håpar ungdommene skal bli kjend med fleire frå andre stader før dei møtes på vidaregåande skule, seier dei.

Glødande start

Første arrangement er nyleg halde og blei ein kjempesuksess.

– Me hadde glowparty på Sandvin ungdomshus. Det blei heilt utseld og me var rundt hundre unge til stade, seier dagleg



LAGAR FEST: Ungdomsbedrifta Clubben UB tel seks ungdommar frå Midt-Telemark og nabokommunane. Bak f.v. Ida Dammen, Åsne Kaasa, Mathea Wraa, Lucas Flø Jensen, Stine Hvitås og Sigrid Kittelsaa.

leiar Stine Hvitås.

Gjengen er svært godt nøgd med at det i tillegg til ungdommar frå Bø og Gvarv, også kom folk frå Lunde, Notodden og Vinje.

– Me hadde dans, konkurransar og mykje god stemning. Sidan det var glowparty var det fargerik måling og lysande armband, seier dei unge arrangørene.

– Me har fått positive tilbakemeldingar om at det er flott at ungdom sjølv tek tak og arrangerer slike treff, seier gjengen, og legg til styrken deira er nettopp det at dette er ungdom som lagar i stand for ungdom.

Temafesten blei arrangert i lokala som ungdomsklubben i regi av Ung Fritid har på Sandvin ungdomshus. Med seg til å avvikle festen hadde

dei folk frå Natteramn-ordinninga, eldre venner og voksne for å passe på vakthaldet og for å skape tryggheit rundt arrangementet. Politiet svinga også innom for å sjekke at alt gjekk føre seg på ein god måte.


Neste klubber er hemmeleg

Clubben UB tenkjer at dei kjem til å stå for tre til fem temafestar før dei må runde av når skuleåret tek slutt.

– Det er mykje jobb som ligg bak og me brukar mykje av fritida vår på dette, forsikrar dagleg leiar Stine.

Neste fest blir 28. mars.

– Kva tema det blir er hemmeleg. Folk må følgje med når me annonserer i sosiale kanalar, smiler dei lurt.



KOSA SEG PÅ CLUBBEN: Denne jentegjengen hadde det gøy på glowparty i regi av Clubben UB. FOTO: Clubben UB

ste forsøk



sa og Sigrid Kittelsaa. Framme f.v. Mathea Wraa, Lucas Flø Jensen og Stine Hvitås.
FOTO: Øystein Akselberg



AV UNGDOM FOR UNGDOM: Dagleg leiar i Clubben UB, Stine Hvitås (t.v.) saman med medhjelpar Ingrid Andrup. FOTO: Clubben UB

BANDAK AS

When quality matters

bandak.no

ULEFOS
CAPPelen GROUP

del av din hverdag

Norsk utvikler, produsent og leverandør av kortreiste løsninger for vei, vann og avløp.

ulefos.com



KJØKKEN & INNREDNINGER

Vi måler, produserer, transporterer og monterer stort sett over hele Østlandet.

**Ajer og Nilsen
Trevarefabrikk**

Tlf. 91 86 38 82 / 40 44 44 00 • 3825 Lunde



**Midt-Telemark
Pumpeservice**




**Salg og service av alle typer
pumper og pumperelaterte
produkter innen vann og avløp**

Midt-Telemark Pumpeservice, Televegen 4, 3802 Bø
Tlf. 35 95 38 48 • E-post: ove@mtps.no

Arkitekter
Interiørarkitekter
Landskapsarkitekter
Arealplanleggere

sorarkitekter.no
post@sorarkitekter.no
tlf. 350 29500



sor arkitekter

Norsjø Sag & Høvleri AS

Trelast
Legehøvling
Byggevarer
Spesialprofiler

Norsjø Sag & Høvleri A/S er et familieeid selskap som ble stiftet i 1963 og har således 40 års erfaring innen videoproduksjon og salg av trelast og byggevarer

Tlf: 35 95 54 50 // e-post: office@norsjosag.no



RIIS
BILGLASS

STEINSPUT-TELEFONEN
ALLE DAGER 07-24

090 09

STEINSPUT ELLER SKADET FRONTRUTE?

Vi reparerer og skifter alt av bilglass, og gir deg gratis påfyll av spylervæske et helt år!

- Vi har avtale med alle forsikringsselskap
- Kostnadsfri reparasjon ved kasko eller delkasko

Bo glass

ALT I GLASSARBEID • NØKKELFILING • STILLASUTLEIE

35 95 10 61 • Grivitorget



ALT DU TRENGER

til din frukt- og grøntproduksjon

Fimex er en spesialbutikk for alle som er interessert i det som gror i bakken om det er til husbruk, eller profesjonell produksjon.

Vi leverer til store og små produsenter, samt til deg som kun har en balkongkasse eller to. Vi fører alt av plantevern, gjødsel og andre driftsmidler som er nødvendig for å få en så bærekraftig produksjon som mulig.

Besök gjerne butikken vår på Gvarv, eller ring oss for en fagprat.


Fimex AS

Hørtevegen 2, 3810 Gvarv
Telefon: 95 70 70 00 || epost: post@fimex.no

Oppatt av å bruke l

**Anna-Lisa Forberg har halde på i ein
beintøff bransje i 30 år, men har ikkje
tenkt å gi seg. Nå har bedrifta hennar
runda endå ein milepæl.**

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no - tlf. 976 88 692

– Det var ein del arbeid, men det har vore veldig lærerikt, seier Liv Sigrun Lindtveit.

Ho er assisterande dagleg leiar hjå Sentrum Vaskeri og Renhold AS. Bedrifta fyller 30 år i 2025, og startar jubileumsåret med å få plaketten som viser at den no er Miljøfyrtårn. Plaketten vart nyleg overrekt av ordførar Siri Blichfeldt Dyrland.

Eigar og gründer av vaskeribedrifta, Anna Lisa Forberg, fortel at i motsetning til det ein kanskje ville tru, ligg bedrifta godt an på både vass- og straumbruk. Det vil seie at dei utnyttar vatnet godt og har mindre vassforbruk enn leilegheite i bygget.

Dei utnyttar også varmen frå tørketromlane til oppvarming, og held energiforbruket lågt. Maskinene er dessutan relativt nye og gode, og brukar derfor lite straum. Dei blir i tillegg leverte og reparerte av lokale bedrifter.

– Eg brukar lokale leverandørar. Det er me veldig opptatt av, understrekar Forberg.

Ho peikar på at det er viktig både for skatteinntekter og arbeidsplassar.

Utdanna seg til arbeidsløyse

Då Forberg starta bedrifta for 30 år sidan, var det fordi ho hadde utdanna seg til arbeidsløyse. Ho hadde likevel fått med seg at noko kunne ho bruke.

– Eg var nyutdanna hjelpepleiar og hadde det kliniske blikket, eg såg heilskapen, fortel Forberg.

Ho gjekk til kommunen og næringskonsulent Bjørgulf Stavenes.

– Eg hadde ikkje ei krone, eg var blakk som ei kyrkjetrotte, minnest Forberg.

Ho fortel at ho var åleine-mor og hadde selt bilen for å ha pengar til å ta ei toårig utdanning som hjelpepleiar. Det var berre det at då ho var ferdig som hjelpepleiar var det sjukepleiarar som fekk alle jobba-ne. Ho var elles komen til at ho ikkje ønskte å ha jobb som hjelpepleiar.

– Aldri i verda, tenkte ho om utdanninga ho hadde teke.

Ho likte godt å vere heime-hjelp, det var koseleg, men ikkje det andre. Hjå Stavenes fekk ho beskjed om å setje opp budsjett, og det gjorde ho.

Ho fekk lån og første vaskejobben hjå Ragnhild Haugland som då var banksjef i Fokus bank.

Forberg fekk også vaskejobb hjå Stavenes på Bekkevoll, og eit tilskot på 25.000 kroner som gjekk til å betale ned på lånet.

Ein fantastisk arbeidsstokk

Dermed var Forberg i gang, og ho fekk to store jobbar med ein gong. Ho starta om sommaren i 1995 og alt i august same året kunne ho tilsette den første medarbeidaren.

– Oppturen er farlegast, seier Forberg etter 30 år.

Ho meiner at då er det fort at ein kan få ein smell, og den kan vere hard.

– Eg vil vekse sakte, legg ho til.

Lindtveit seier at dei per no er rundt 20 tilsette i bedrifta, men det er mange som går i redusert stilling.

– Eg har ein fantastisk arbeidsstokk, seier Forberg.

Det er vasking av lokale som er størst for bedrifta, men Forberg fortel at dei siste åra har også vaskeridelen teke seg opp. Den tok ho over etter at to kvinner som hadde starta den opp gav seg. Ho prøvde å halde dei i gang ved å bruke dei, men det heldt ikkje. Det enda med at ho tok over utstyret.


– Det er beintøft. Det er store investeringar, seier Forberg om vaskeridelen.

Etter eit år kom ho til eit punkt der ho måtte legge ned eller satse på denne delen av drifta. Ho fekk tilbod om å leige lokale hjå Johannes Forberg. Sjølv om ho tykte det blei dyrt, slo ho til og er godt fornøgd med det i dag. Etter kvart har ho gått frå å leige til å eige første etasje i bygget i Underhaugvegen.

Vaskeriet vaskar matter for mange bedrifter i kommunen. Dei vaskar også arbeidsklede, og leiger ut sengeklede til bedrifter som for eksempel har tilsette buande i brakkeriggjar.

– Me har vaska ned omtrent alt av nye bygg i Bø, seier Forberg om reinhaldsdelen av bedrifta.

Gjer kommunen meir grøn
Ho fortel at bedrifta tek på seg alt av vaskejobbar. Når det for eksempel er oppgåver kommunen ikkje vil ta, kjem dei til For-



MILJØVENLEG: Eigar og dagleg leiar Anna-Lisa Forberg (t.v.) og Liv Sigrun Lindtveit, assisterande da

berg.

– De er med på å gjøre oss meir grøne. De betyr mykje for framtidia, og alle små skritt betyr noko. Me er veldig stolte, sa ordførar Siri Blichfeldt Dyrland under overrekkinga av Miljøfyrtårn-plaketten.

– Me vidarefører det til arbeidsfolket vårt. Dei blir òg meir bevisst, seier Forberg, og viser til at kunnskapen dei har fått gjennom arbeidet med å bli Miljøfyrtårn blir vidareført til dei tilsette og jobben dei gjer ute i mange bedrifter. Ho viser til at det for eksempel påverkar jobben dei tilsette gjer med sortering og bruk av kjemikalier.

– Ein er aldri utlært, det er så fint, meiner gründeren.

Fremjar gjenbruk

Forberg har også tilbod om reining av tekstilar. Det samarbeider ho med ei bedrift i Skien om.

– Denne bedrifta er med på at ein kan bruke det ein har i staden for å kjøpe nytt. Tjukke dunjakker for eksempel, seier Blichfeldt Dyrland.

– Kom hit med det. Dundynner, puter, overmadrassar og dunjakker blir aldeles som nye, det har me lært oss ein prosess på, seier Forberg entusiastisk.

Ho fortel at dei merkar at folk kjem med arva klede.

– Folk kjem med kåper, kjolar og slikt og spør om me kan gjøre noko med dei, fortel Forberg.

Hjartebarnet

– Eg tykkjer me har det bra og driv på med det me likar, seier Forberg. Entusiasmen lyser av henne medan ho fortel om bedrifta. Men ho fortel at konkurransen no er hardare enn då ho starta.

Januar er gjerne ein stille månad. Men dei har fått inn mange dukar etter jule- og nyttårsfeiringa. Dei blir vaska og rulla. Dei leiger også ut dukar, det er ein marknad som har vaksen.

– Vasking er hjartebarnet mitt. Eg elskar å vaske, seier Forberg.

Lokale leverandørar



Dagleg leiar, brukar lite både av vatn og straum i drifta.

FOTO: Marta Kjøllesdal

På den tida ho har arbeidd med vasking har faget endra seg mykje.

Ei av endringane er at det har gått frå å vere norske kvinner som kjem for å få jobb. No er det berre utanlandske kvinner som kjem. Forberg lærer dei opp, blant anna går dei nye saman med folk som kan jobben, lenge, til dei kan både jobb og språk. Forberg fortel at dette kan vere ein lang prosess. Ho samarbeider ein del med Nav, men er ikkje heilt tilfreds med opplegget dei har.

Går solid i pluss

Jubileumsåret vil også bli markert med noko for dei tilsette.

Forberg håper på å få til ein tur på Kanalen.

Tal frå Brønnøysundregistra, via purehelp.no, viser at omsetninga til Sentrum Vaskeri og Renhold har variert mellom 3,5 millionar og 9,8 millionar kroner dei siste ti åra. Driftsresultatet har også svinga litt men sidan 2018 har det berre vore i pluss. I 2022 var årsresultatet på ein million kroner av ei omsetning på 7,8 millionar kroner, som er ein god margin. Då tok Forberg ut utbytte på ein halv million kroner.

I 2023 var omsetninga på 8,7 millionar kroner og driftsresultatet på ein million kroner. Årsresultatet var på 673.000 kroner og gjekk dette året inn i bedrifta. Den har

ein eigenkapitaldel på 35,4 i 2023.

– Eg likar å ha det ryddig rundt meg, seier Forberg.

– Det er ikkje berre vasking du likar, du likar også å jobbe med menneske?

– Ja, seier Forberg resolutt.

– Nei, svarar ho like resolutt når me spør om ho har lyst til å trappe ned eller selje firmaet. Ho blir 67 år i mai og har kjøpt «seg ein hobby», garden Skuldalen i Åmotdal. Det var ein onkel som hadde den og ho har nær tilknyting til eigedomen. Men det er mange hus og mykje å gjere der.

– Eg skal ikkje trappe ned så lenge helsa held, seier ho bestemt.



STOLT: Ordførar Siri Blichfeldt Dyrland under overrekkinga av Miljøfyrtårn-plaketten. Anna-Lisa Forberg (t.v.) er eigar og dagleg leiar, assisterande dagleg leiar er Liv Sigrun Lindtveit (i midten).

FOTO: Marta Kjøllesdal

Ny eigar av campingen

Den nye eigaren likar plasseringa av campingplassen han har kjøpt, og vêrmeldingane i området.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no - tlf. 976 88 692

– Me har nokre selskap frå før, men me har i hovudsak fokusert på Hardanger-området. Der har me fleire campingplassar og nokre gjestehus. Me såg at denne campingplassen var til sals, og tykte den var ei interessant mulegheit.

Det seier Eduardo Luis A Gourdy. Han har overteke Sanda Camping og Hytteutleie i Øvre Bø frå Nancy Vegheim-Sunde. Ho har vore medeigar i campingplassen.

– Det er uvant å tenkje på at ein ikkje skal halde på her meir. Samtidig er det veldig deilig, seier ho.

Det var foreldra til Vegheim-Sunde som starta opp med campingplassen og ho har sjølv drive den nokre år.

No seier ho at når ein innser at tid og energi ikkje strekk til er det greitt å overlate det til andre som har meir av dette.

Søkjer etter tilsette

Gourdy har fleire selskap. Sel-

skapet som etterlyser tilsette som har lyst til å arbeide på campingplassen i Øvre Bø heiter Mi Casa Tu Casa, og ser ut til leige ut leilegheiter i Bergensområdet.

Eigarselskapet over dette igjen, Gourdy Holding as, eig fleire campingplassar og er medeigar i nokre selskap, blant anna Eidfjord Hotel.

Grimen Camping overtok Gourdy under koronaen i 2020, ifølgje avis BA. Den plassen hadde 2,9 millionar kroner i omsetning og eit årsresultat på pluss 400.000 kroner i 2023.

Sanda Camping og Hytteutleie har hatt ei omsetning på frå 2,3 til 2,4 millionar dei siste åra og hadde eit årsresultat på 148.000 kroner i 2023.

Betre vêrmelding

– Plassen ligg fint til i Bø. Den er stor og eg såg den som interessant ut frå plasseringa den har i forhold til Hardanger og det me har der, seier Gourdy.



NY EIGAR: Campingplassen i Midt-Telemark er selt.

FOTO: Marta Kjøllesdal

Han fortel via telefon at han også har merka seg at vêrmeldinga for Bø er mykje betre enn for Hardanger.

– Då eg besøkte plassen på slutten av sommaren likte eg den veldig godt. Eg likte plasseringa og fasilitetane. Eg kunne tenkje meg å bruke tid her med dottera mi, fortel Gourdy.

Han opplyser også at campingplassen i Øvre Bø er veldriuen og slik han ønsker den.

Blir på Vestlandet

Gourdy er busett i Bergen. Man-

nen som han driv firmaet saman med er lokalisert i Oslo.

– Me kjem til å leige inn folk til å drive, men kjem til å vere i Bø fleire gonger i løpet av sommaren, seier Gourdy.

Planen er å starte opp rundt 1. mai. Det er rund 50 gjester med fast vogn på campingplassen, og plassen er open for dei.

Gourdy forklarar at det er rikeleg med arbeid som skal gjeraast før opninga.

Oppgraderer system

Sjølvve strukturen på camping-

plassen er Gourdy veldig godt fornøgd med og den fungerer godt.

Det dei ser på før opninga er administrative system som bestilling og marknadsføring.

– Det er slikt me er best på, seier han.

Gourdy ønskjer også så sjå på mulegheita for å gjere noko moro ut av stranda ved elva, for den tykkjer han er fin.

– På sikt er det er aktuelt å oppgradere hyttene, men det blir ikkje i år. Det krevst planlegging og pengar, seier han.

Trygghet når du trenger elektriker

Hos oss kan du føle deg trygg på at jobben er utført av dyktige fagfolk. Vi har bred kompetanse innen blant annet Smarthus, belysning, solceller, el-kontroll og termografi, og leverer alt av elektrotjenester til private og næring.



Viste du Elfag-elektrikeren garanterer kvaliteten av sine arbeider, materialer og utstyr i fem år?



GRATIS!

GRATIS TRYKK AV LOGO OG DESIGNARBEID VED KJØP AV ARBEIDS- OG PROFILKLÆR TIL EN VERDI AV 10.000,- I MARS OG APRIL!

CRAFT

(GJELDER IKKE VED KJØP AV KUN T-SKJORTER.
BELØPET ER EX. MOMS 25%)

I SAMARBEID MED:

screengraph
skilt - bildekor - messe - ledreklame
Valenvegen 4, 3802 Bø i Telemark Tlf. 35 95 06 13 post@silketrykk.no

- Vi setter verdi på Midt-Telemark



Tlf. 907 84 247

E-post: post@byggogtakst.no • www.byggogtakst.no

Våre tjenester:

TILSTANDSRAPPORT FOR BOLIG

Brukes ved salg av bolig

VERDITAKST

Bolig, hytte, tomter

FORHÅNDSTAKST

Prosjekter som skal finansieres

NÄRINGSTAKST

Alle typer næringsbygg

LANDBRUKSTAKSERING

Generasjonsskifte eller salg i åpent marked

ANDRE OPPDRAG

- Rapporter ved
 - Skade, tvistesaker
 - Andre eiendomsforhold

Vi har de nødvendige godkjenninger.

Kun 2 stk igjen i byggetrinn 2



Fra hjem til hjem

Lekkre nye leiligheter m 3 soverom. Sentrale og rolige omgivelser. Sikringsordning|Energibrønn m/ lav oppvarmings kost |Carport og bod|Stor balkong

PRISANTYDNING

2 775 000,-

ANDEL FELLESGJ.
KR 2 695 000,-

BRA-I/ BRA TOTAL
102/ 107 m²

OMKOSTNINGER
KR 18 632,-

TOMT
985 m² eiet

TOTALPRIS
KR 5 488 632,-

BYGGEÅR
2024/25

FELLESUTGIFTER
KR 15 312/ MND

BOLIGTYPE
Leilighet

Prospekt på mobil? Send «Bolig 609225067» til 09999

VELKOMMEN PÅ VISNING
Mandag 24.02 kl 1700-1800



Jeanette Arnesen-Eriksrød
Eiendomsmegler
+47 900 27 026
jeanette.arnesen-eriksrod@dnbeiendom.no

DNB Eiendom



**Regnskap • Årsoppgjør
Økonomisk rådgivning
Firmaregistreringer • Lønn • m.m**



Du finner oss i Folkestadvegen 3
Tlf. 35 06 11 60 • www.boreg.no

Lokalt arkitektkontor med to erfarte sivilarkitekter

- tar små og større arkitektoppdrag og byggesøknader
- be om tilbud!

NORSJØARKITEKTER AS

Strannavegen 460 3810 Gvarv tlf 3595 5600
post@norsjoarkitekter.no
www.norsjoarkitekter.no

Velkommen innom
for en kaffeprat
på vårt lokale kontor
i Stasjonsvegen 33 i Bø.

Fra inspirerende bygninger til komplekse infrastrukturprosjekter – i prosjektene våre utfordrer vi oss selv og kunden for å finne framtidsrettede og bærekraftige løsninger.

Vi har solid tverrfaglig kompetanse innen:

- Arkitektur: bygninger, landskap, interiør
- Infrastruktur: vann og avløp, samferdsel, energi, geomatikk
- Bygg og anlegg: alle ingeniørfag
- Samfunnsplanlegging: by- og arealplanlegging, mobilitet
- Programmering: digitale verktøy og kart

asplanviak.no





MODULSOFA: Dagleg leiar og eigar Bjørn Steinar Holmen, saman med utstillingsansvarleg og seljar Carina Ralle Jacobsen. Her i eit av produkta som toppar salssstatistikken.

ALLE FOTO: Gro B. Røiland

Solid auke i salet

Dagleg leiar og eigar av Fagmøbler i Bø, Bjørn Steinar Holmen, har god grunn til å smile. Møbelbutikken kan vise til solid auke i salet i 2024.

Gro Birgitte Røiland

gro@boblad.no - tlf. 930 22 398

Mens marknaden generelt innan møbel og interiør ikkje har hatt den store veksten i 2024, har Fagmøbler i Bø lagt bak seg eit svært godt år.

– Me hadde ein vekst i ordreinngangen, altså sal, på 19 prosent frå 2023 til 2024. Snittet for møbelbransjen i landet er fire prosent vekst. Det som er veldig hyggeleg, er at me hadde fleire privat-kundar frå heile Midt-Telemark og me ser ein sterk auke også i Vest-Telemark. Me køyrer mykje møblar til kundar i Rauland og Vinje, seier Bjørn Steinar Holmen.

Vil handle lokalt

Holmen trur veksten viser at Fagmøbler i Bø har klart å stoppe noko av handelslekkasjen ut av kommunen.

– Det verkar som veldig man-

ge ønsker å handle lokalt. I går hadde eg ein kunde som kjøpte si niande kontinentseng her, han har tidlegare kjøpt både til hus og hytte og vil handle lokalt. Det verkar også som folk er kvalitetsbevisste, seier Holmen.

19,8 millionar kroner

Fagmøbler i Bø hadde altså ein vekst i salet på 19 prosent frå 2023 til 2024, og selte i løpet av fjoråret møblar for 19,8 millionar kroner.

Produktene som toppa salssstatistikken var modulsofaer og madrassar. Modulsofa er eit sofaselement der kunden kan velje alt frå utforming til stoff og bein.

– Modulsofa er stort hos oss. Men også seng, kontinentseng og madrassar er ei stor varegruppe. Her har me eit bra utval til fornuftige prisar. Me sel også mykje kvilestolar og spisest-

ovebord i heiltre, seier Holmen.

Trenden nå er spisestovemøblament i massivtre og komfortable stolar med regulerbar rygg.

– Før åt ein i spisestova og tok kaffien i salongen. Nå skal det vera ok å sitte ved spisebordet i nokre timer, seier Holmen.

Kundar frå Nederland

Møbelbutikken merkar at varene er blitt dyrare, noko som både skuldast svak kronekurs og auka kostnadsnivå generelt. Det er ei utfordring.

For utanlandske kundar er den svake krona ein fordel. Ein viktig kunde for Fagmøbler i Bø er hyttemarknaden og spesielt den nederlandske hytteutbyggaren Portula, som bygger mykje hytter i Vrådal. Firmaet sett opp hytter for nederlandske og tyske kundar, og her er Fagmøbler inne med møblar.

Hyttemarknaden generelt er eit viktig satsingsområde framover for Fagmøbler i Bø.

– I år skal me satse mykje på hyttemarknaden. Målet er å bruke store delar av 2. etasje i butikken til hytteavdeling, seier Bjørn Steinar Holmen.



MASSIVTRE: Spisestuebord i massivtre er populært, fortel Bjørn Steinar Holmen. T.h. Carina Ralle Jacobsen, seljar og utstillingsansvarleg hos Fagmøbler i Bø.



BESTSELJAR: Modulsofa er ein bestseljar hos Fagmøbler i Bø, seier dagleg leiar og eigar Bjørn Steinar Holmen.